

NotatDato: 15.06.2015
Arkivsak: 2015/6061-1
Saksbehandlar: roaland

Til:

Frå: Roald Landøy

**Tunet på Vinje. Løebygningen Gnr 261 Bnr 2. Rapport frå synfaring
11.06.2015****Tilstades: Trond Oalann og Roald Landøy****Bakgrunn:**


Bakgrunn for synfaringa var møte 3. juni 2015 på Vinje med eigar, Voss kommune og Hordaland fylkeskommune (Per Morten Ekerhovd og Gunnbjørg Austrheim). På førehand hadde kommunen handsama søknad frå eigar om å få rive løebygningen som no delvis er nedrast grunna snø. Formålet med synfaringa var å dokumentere og vurdere situasjonen, ma med ei skisseoppmåling av bygningen ut frå dei delane som framleis står.

Hordaland fylkeskommune har tidlegare (truleg på 1990-talet v/Kjell Andresen) hjelpt eigar med å tette taket med sutakplater, men endeleg tekking var ikkje komen på plass. Det opphavlege taket av dråpeskifer ligg lagra på oversida av bygningen.

Dei store snø mengdene i vinter er truleg den direkte årsak til at stordelen av bygningen har kollapsa. Slik vi vurderer det er det berre eit tidsspørsmål før resten av bygningen gir etter. Det er godt synlege setningsskader på fleire av grunnmurane i tunet, noko som vil krevje at store ressursar må settast inn for å bevare tunet.

Det er ikkje kjent når bygningen blei reist, men det er fleire årstal rissa inn. På syllstokk i høystolet fann vi 1903, og i gavlen mot vest 1939.

Fleire årstal er rissa inn, men i fleire høve kan det vere gjort i samband med inntak av høy der ein i tillegg til årstalet har fleire strekar som kan tyde kor mange høyllass som er tatt inn. Det er dessutan mykje gjenbruk av materialar, og innslag av maskinlaft, slik at oppføringa kan ha føregått i fleire etappar.

**Figur 1 Prinsippskisse**

Fundament / grunnmur

Det er store skader i grunnmuren rundt heile bygningen, noko som delvis kan forklarast med nedrasinga. Men det har vore bevegelse i lang tid og i hjørne mot sør aust er det gjort ei forsterkning i betong på eit tidlegare tidspunkt som tyder på at der har vore bevegelse ein ville låse. Under tilbygget møt sør ligg mottingen, og muren der er kistemur (mur med to vangar). Heile midpartiet av ytre vange er rasa ut, og det som står att ser heller ikkje stabilt ut. Ein ser for seg at alt av murverk må rehabiliterast (murast opp på ny) for å utelukke skjulte feil og manglar.

Tre konstruksjonen


Vi konkluderte ikkje med kva som var den utløysande faktoren (svakaste ledd) i samband med kollapsen, men den store mengda snø i vinter må ha ført til eit stort press på dei bygningselementa som skal ta spennet frå taksperrene. Når kollapsen kom har det meste av nover, novhaude blitt avrivne / vridde, slik at lite vil vere brukbart vidare. Går ein rundt bygget får ein inntrykk av korleis det må ha vore organisert. Frå nedsida (mot sør) ser ein at det står ein låg fjøs under låvegolv. Vi antok at det er ein sauefjøs. På grunn av vanskeleg tilkomst fann vi ikkje att denne frå innsida. Bygningen er såleis "lesbar" slik den står.



Oppmåling

Vi utførte ei grov og skjematisk oppmåling av bygningen, der vi meiner at ein god dokumentasjon først kan gjerast i samband med at bygningen blir rydda/demontert. Det har og med tryggleik å gjere då bygningen er ustabil slik den står.

Oppsummering



Under synfaringa såg vi og på fleire av dei andre bygningane i tunet. Felles for dei fleste er at forfallet har kome langt både når det gjeld fundament og grunnmurar som er i bevegelse, og for byggverket over, der vi såg fleire bygningar med skader i taktekinga. Naboløa er og i ferd med å sige over ende. Der er det berre eit tidsspørsmål før lafteknutane eller det i konstruksjonen som held att for bevegelsen, gjev etter. Tunet har høg kulturminneverdi, men er ikkje freda med heimel i kulturminneloven. Eigar av løa som er beskriven bur ikkje i tunet. Skal ein framover bruke ressursar her, vil ein få mest att for å starte med dei som enno står. Dette vil uansett være prosjekt som kvar for seg er svært kostnadskrevjande, då bygningane må jekkast opp eller plukkast ned for å få forsvarleg arbeidstilhøve under murararbeidet. Det er heller ikkje enkelt å komme til med kranbil o.l. så mekaniske hjelpemiddel må byggast på staden.

Konklusjonen etter syngaringa er den aktuelle bygningen vert nedprioritert, og at ein i samband med nedplukking og fjerning føreteik ein dokumentasjon der vi kan legge føringar for denne.

Det bør utarbeidast ein langsiktig sikrings- og istandsettingsplan for tunet på Vinje.

Roald Landøy